



Overordna analyse

Forslag til plan for forvaltingsrevisjon 2016 - 2019

Seljord kommune

2016 :: 728 016

Om Telemark kommunerevisjon IKS

Telemark kommunerevisjon IKS er eit av dei største interkommunale revisjonsselskapa i landet. Alle dei 18 kommunane i Telemark, kommunane Larvik og Lardal i Vestfold og Telemark fylkeskommune er eigarar av selskapet. Vi utfører revisjon og andre tenester for eigarane våre og andre kommunale/fylkeskommunale aktørar.

Telemark kommunerevisjon IKS utfører forvaltningsrevisjon innanfor dei fleste område, og med forskjellige innfallsvinklar. Våre tilsette har samfunnsfagleg, økonomisk og juridisk utdanning på mastergradsnivå, og har brei kompetanse innan offentlig forvaltning. Vi gjennomfører oppdraga i samsvar med Norges kommunerevisorforbunds standard for forvaltningsrevisjon ([RSK 001](#)).

Frå 2015 har vi eit fagleg og administrativt samarbeid med dei interkommunale revisjonsordningane Buskerud kommunerevisjon IKS, Vestfold kommunerevisjon og Sandefjord distriktsrevisjon.

Du kan finne alle rapportane våre på nettstaden vår www.tekomrev.no.

Innhald

1	Innleiing.....	3
1.1	Plan for forvaltingsrevisjon	3
1.2	Kva er forvaltingsrevisjon?.....	3
1.3	Forvaltingsrevisjonar i Seljord kommune i 2012-2015	4
1.4	Avtale om forvaltingsrevisjon 2016-2019.....	4
2	Plan for forvaltingsrevisjon	5
3	Overordna analyse	6
3.1	Om risiko og vesentlegheit – metodikk og rullering	6
3.2	Om Seljord kommune	7
3.3	Lokaldemokrati	9
3.4	Styring av verksemda og tryggande kontroll	10
3.5	Tenesteyting og maktutøving – kvalitet, rettstryggleik og produktivitet	14
3.6	Berekraftig utvikling	22

Foto framside: Danny Twang

1 Innleiing

1.1 Plan for forvaltingsrevisjon

Ei av oppgåvene til kontrollutvalet er å utarbeide eit forslag til plan for forvaltingsrevisjon i kommunen.¹ Planen skal utarbeidast minst ein gong i valperioden. Kommunestyret skal vedta ein plan for forvaltingsrevisjon seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert. **Forslag til plan for forvaltningsrevisjon finn du i kapittel 2.**

Planen skal byggje på ei overordna analyse av verksemda i kommunen ut frå vurderingar av risiko og vesentlegheit, med sikte på å identifisere behovet for forvaltingsrevisjon. **Denne analysen finn du i kapittel 3.**

Analyse og forslag til plan er utarbeidd av Telemark kommunerevisjon IKS i samsvar med gjeldande avtale om revisjonstenester. Analysen gjeld kommunen si verksemd og anna kommunal verksemd dersom verksemda er organisert som kommunalt føretak (KF), § 27 - samarbeid og vertskommunesamarbeid etter kommunelova § 28-1 b og § 28-1 c.

Kommunal verksemd som er organisert i sjølvstendige rettssubjekt (interkommunale selskap (IKS), aksjeselskap eller § 27-selskap) er ikkje dekte av analysen. For slike organisasjonsformer kan kontrollutvalet føre tilsyn ved hjelp av selskapskontroll.²

1.2 Kva er forvaltingsrevisjon?

På vegne av kommunestyret skal kontrollutvalet sjå til at det vert gjennomført

systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkningar ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og forutsetninger (forvaltningsrevisjon)³

Forvaltingsrevisjon er ein del av kommunen sin eigenkontroll – det er ein del av kommunestyret sitt tilsyn med forvaltninga av og i kommunen. Forvaltingsrevisjonen si

¹ Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner (kontrollutvalgsforskrifta) av 15. juni 2004, § 10.

² Jf. kontrollutvalgsforskrifta kapittel 6 og eigen plan for selskapskontroll.

³ Revisjonsforskrifta § 7

rolle er å undersøkje om verksemda i kommunen skjer i tråd med gjeldande lover og reglar og kommunen sine planar og vedtak. Fokus vert også retta mot effektivitet og kvalitet i produksjonen av velferdstenester for innbyggjarane i kommunen.

Gjennom forvaltingsrevisjon kan kontrollutvalet:

- synleggjere moglegheiter til auka produktivitet og måloppnåing
- bringe fram styringsinformasjon til dei som tek avgjerder i kommunen
- bidra til læring og forbetring i organisasjonen
- bidra til kommunen sin eigenkontroll

1.3 Forvaltingsrevisjonar i Seljord kommune i 2012-2015

I Seljord kommune er følgjande forvaltingsrevisjonar gjennomført i perioden 2012-2015:

- Eigedomsforvaltning
- Forundersøking Vest-Telemark PPT
- Førebyggjande arbeid – barn og unge

1.4 Avtale om forvaltingsrevisjon 2016-2019

Forvaltingsrevisjon er omfatta av avtalen om revisjonstenester mellom Seljord kommune og Telemark kommunerevisjon IKS. Forslaget til plan har eit omfang på forvaltingsrevisjon som samsvarar med tilgjengelig ressurs etter avtalen om revisjonstenester. Kommunestyret/kontrollutvalet kan endre planen innanfor denne definerte ressursrama gjennom heile planperioden.

Dersom kommunen ynskjer fleire eller meir omfattande forvaltingsrevisjonar kan ein avtale det. Dette vert fakturert særskilt.

2 Plan for forvaltingsrevisjon

Innanfor gjeldande avtale om revisjonstenester og på bakgrunn av overordna analyse i kapittel 3, foreslår vi følgjande forvaltingsrevisjonar for planperioden 2016 – 2019, i prioritert rekkefølge:

Tema/tittel	Vinkling	Nytte	Omfang
Helse og omsorg	Kan ha ulike vinklingar. Til dømes: <ul style="list-style-type: none"> • Samhandlingsreforma og mottak av utskrivingsklare pasientar • Heimetenestene • Døgnbemanna omsorg 	Gi styringsinformasjon og bidra til å sikre rett nivå på tenestene/ kvalitet i tenestene.	300
Arkiv og dokument-handtering	Mottak av førespurnader til kommunen og journalføring.	Sikre merksemd på reglane i organisasjonen og bidra til dei blir følgde og at kommunen har gode rutinar på mottak og handtering av førespurnader til kommunen.	200
Offentlege anskaffingar	Undersøke om kommunen har utarbeida reglement og strategi for anskaffingar og får følgd opp reglar og målsettingar på området.	Sikre merksemd på reglane i organisasjonen og bidra til at dei blir følgd dei opp.	200

3 Overordna analyse

3.1 Om risiko og vesentlegheit – metodikk og rullering

Risiko og vesentlegheit

Risiko handlar om

- kva som kan gå gale
- kor truleg det er at noko går gale, og
- kva som er konsekvensen.

Vesentlegheit i forvaltingsrevisjon handlar om kor viktig oppgåva eller området er for kommunen og kommunen sitt samfunnsoppdrag, eller for kommunen sine brukarar/innbyggjarar.

Metode

I vurderinga av risiko og vesentlegheit har vi tatt utgangspunkt i formålsparagrafen i kommunelova og rådmannen sitt ansvar⁴. Vi fokuserer derfor på følgjande område i analysen:

- Ligg forholda til rette for eit funksjonsdyktig folkestyre?
- Har rådmannen tiltak for verksemdsstyring og tryggande kontroll?
- Vert rettstryggleik, kvalitet og effektivitet sikra i utøving av mynde og i tenesteyting?
- Legg kommunen til rette for ei berekraftig utvikling?

For å kartleggje og vurdere risiko i Seljord kommune har vi gjennomgått kommunen sin økonomiplan, årsrapportar, planstrategi og annan styringsdokumentasjon. Vi har gjort ein analyse av nøkkeltal frå KOSTRA og anna statistisk materiale. Vidare har vi kartlagt kommunen sitt system for internkontroll, og vi har henta inn informasjon frå Fylkesmannen sin tilstandsrapport, tilsynsrapportar og andre relevante offentlege dokument.

I KOSTRA-analysen nyttar vi tal for kommunen for perioden 2012 – 2014. Vi samanliknar kommunen med andre liknande kommunar (kommunegruppe 2) og landsgjennomsnittet utanom Oslo. I KOSTRA er kommunane gruppert etter størrelse, kostnader og inntekter. Seljord kommune er i kommunegruppe 2 som er små

⁴ Kommuneloven 1 og 2/hvorfor er det markert gult?3 nr. 2

kommunar med middels bundne kostnader per innbyggjar og middels frie disponible inntekter.

Vi har gjennomført ei samtale med rådmann og kommunalsjefane og ei samtale med ordførar. Formålet med samtalanane var å få innspel til planen og informasjon om kommunen.

Kommunereform og rullering

Kommunereforma med mogleg nye oppgåver og endra inndeling av kommunane vil kunne påverke risikobiletet og dermed plan for forvaltningsrevisjon. Dette avheng av kva retningsval kommunen gjer i spørsmålet om kommunestruktur. Vi har lagt til grunn for vår analyse at eventuelle endringar i kommunestrukturen i Telemark ikkje vil ha verknad før i 2020. Dersom det blir endringar i kommuneinndelinga for Seljord kommune, kan det være behov for å rullere plan for forvaltningsrevisjon for andre halvdel av planperioden.

3.2 Om Seljord kommune

Demografi

Seljord kommune har hatt ein svak auke i folketalet frå 2012 - 2014. Kommunen har fleire som er 67 år og eldre enn landsgjennomsnittet og eigen kommunegruppe. Seljord har ein noko større del av befolkninga i barnehagealder enn eigen kommunegruppe, men litt mindre enn landsgjennomsnittet.

Kommunen har om lag same del av befolkninga med innvandrarbakgrunn som eigen kommunegruppe, men den er 4,2 prosentpoeng lågare enn landsgjennomsnittet. Kommunen har lågare arbeidsløyse og litt færre som pendlar ut av kommunen enn dei vi samanliknar med.

Kommunen sin organisasjon

Seljord kommune har fem programområder: sentraladministrasjon og fellestenester, skule og oppvekst, helse og omsorg, næring og utvikling og teknisk. NAV er lagt som eit eige område under rådmannen.

Seljord kommune opplyser i årsmeldinga at kommunen i 2014 hadde om lag 245 heile årsverk fordelt på omkring 350 tilsette. I tillegg kjem vikarar og andre timeløna.

Kommunen deltek i nokre interkommunale samarbeid som er heimla i kommunelova § 27. Seljord er kontorkommune for to slike samarbeid, felles legevakt med Kviteseid og felles gjeldsrådgevar i Vest-Telemark. Andre interkommunale samarbeid er Vest-Telemark rådet, Utval mot akutt forureining IUA Telemark, Krisesenter i Telemark, Overgrepsmottak, Barnevernvakten og 110-Telemark.

Seljord kommune deltar i vertskommunesamarbeid om barnevern (barnevernssamarbeidet i Vest-Telemark), der Kviteseid er vertskommune.

Økonomi

Seljord kommune har ein stram økonomi med låg likviditet. Kommunen er sårbar for uventa hendingar og endringar i budsjettføresetnadene. I samband med økonomiplan for 2013 – 2016 vedtok kommunestyret i sak 70/12 at netto driftsresultat skulle styrkast med 0,5 prosentpoeng kvart år til 3 % vart nådd. Vedtaket var slik: *"For å nå dette målet vert det lagt opp til ei opptrapping med mål om 1 % i 2014 og deretter ei auke på 0,5% kvart år til ein når 3%"*. I formannskapet sitt framlegg til økonomiplan for 2016 – 2019 er dette endra til at: *"Det er ei målsetjing at netto driftsresultat over tid skal vere om lag 1,75 %"*. Årsaka er endring i bokføringsreglar for momskompensasjon frå investeringar som har ført til endra tilråding om nivå på driftsresultat frå 3 % til 1,75 %. I økonomiplan for 2016 – 2019 er det budsjettert med negativt netto driftsresultat, noko som er i strid med målsetjinga og tilrådingane.

Kommunen har i handlingsprogram for 2015 – 2018 vedtatt at det ikkje skal takast opp lån til andre føremål enn det som er naudsynt for å gjennomføre tiltak som er pålagde i form av lov, eller av andre samfunnsmessige omsyn er viktige å gjennomføre.

Kostra 2014	Seljord kommune	Gruppe-snitt	Landsgj.-snitt*
Frie inntekter per innbyggjar	56 184	55 528	48 610
Nto lånegjeld per innbyggjar	58 896	61 431	58 160
Disposisjonsfond i % av br. driftsinntekter	2,3	4,9	6,4
Akk. rekneskapsmessig meirforbruk i % av br. dr.int	0	1	0,6
Nto dr.utg. til barnehage per innbyggjar 1-5 år	136 304	129 818	128 633
Nto dr.utg til grunnskolesektor per innbyggjar 6-15 år	120 442	117 964	100 946
Nto dr.utg til kommunehelse per innbyggjar	3 367	3 199	2 319
Nto dr.utg til pleie og omsorg per innbyggjar	20 809	20 364	16 386
Nto dr.utg til sosialtenesta per innbyggjar 20-66 år	2 014	1 388	1 906
Nto dr.utg til barnevern per innbyggjar 0-17 år	7 236	9 024	7 978
Nto dr.utg til administrasjon og styring per innbyggjar	6 320	6 209	4 258

SSB: Utvalte nøkkeltal, kommunar – nivå 1 og 2. Reviderte tal 26.06.2015

* Landsgjennomsnitt utan Oslo

3.3 Lokaldemokrati

3.3.1 Openheit og innsyn

Openheit og innsyn er sentrale føresetnader for eit fungerande demokrati. Offentleglova og kommunelova sine reglar om innsyn og opne møte skal leggje til rette for at kommunen si verksemd er opa og gjennomiktig. På den måten vert informasjons- og ytringsfridom, den demokratiske deltakinga, rettstryggleiken for den enkelte og ålmenta sin kontroll styrka.

Seljord kommune har postliste på nett og ordning for kunngjering av møte i folkevalde organ. Dokument frå politiske møte ligg på kommunen si nettside. Ein velfungerande postjournal er viktig for å sikre openheit og innsyn. Dette er omtalt i punkt 3.4.3.

3.3.2 Saksførebuing og gjennomføring av vedtak i kommunestyret

Rådmannen har ansvar for at saker til folkevalte organ er forsvarleg utgreidde og at vedtak vert gjennomført. Kommunen nyttar ein mal for framstilling av politiske saker, men administrasjonen vil vurdere om dei skal forbetre malen. Ut frå den erfaringa ordførar har, har sakene vore godt nok utgreidde. Han trekk også fram at administrasjonen er tilgjengeleg for spørsmål ved handsaming i kommunestyret dersom saksdokumentet ikkje er klart nok.

Kommunen har ei oversikt over kommunestyrevedtak og oppfølging av desse i årsmeldinga.

3.3.3 Budsjettering og rapportering

Kommunen utarbeider eit handlingsprogram med budsjett og økonomiplan på bakgrunn av kommuneplanen. På bakgrunn av årsbudsjett og handlingsprogram blir det utarbeida eit arbeidsprogram for året.

Administrasjonen legg fram økonomirapportering på drift to gonger i året, i tillegg til årsmelding og årsregnskap. Frå 2015 har dei også rapportert på mål i arbeidsprogrammet. Det er i forskrift om årsbudsjett § 10 satt krav til administrasjonssjefen om å rapportere på oppfølging av årsbudsjett til kommunestyret gjennom året. Det betyr i praksis at kommunestyret skal ha rapportering minst to gonger i året. I Seljord blir det ikkje rapportert på investeringsbudsjettet slik det er satt krav om.

3.4 Styring av verksemda og tryggande kontroll

3.4.1 Internkontroll

Kommunelova § 23 nr. 2 har eit generelt krav om at rådmannen skal ha tryggande kontroll med verksemda i kommunen. Etter lovforarbeida vil det seie eit generelt krav om at kommunen skal ha internkontroll. I tillegg er det krav om internkontroll på ei rad særlovsområde, både sektorovergripande og for dei ulike tenestedområda i kommunen, f. eks. arbeidsmiljølova, personopplysingslova, opplæringslova, barnevernslova, helse- og omsorgstenestelova og sosialtenestelova.

Kommunen har ikkje økonomireglement, men administrasjonen har opplyst at det skal utarbeidast eit reglement innan hausten 2016.

Dei fleste kommunar er merksame på internkontroll, men i mange kommunar vert den utøvd utanfor ein heilskapleg struktur. Dermed vert internkontrollen fragmentert, og vil i mindre grad fungere som eit verktøy for leiing og styring. Ei systematisk tilnærming kan gjere internkontrollen meir relevant og meningsfull, og bidra til førebygging og forbetring. Seljord har etablert interne kontrollrutinar på ei rekkje områder, men ikkje alle er skriftlege. Kommunen har heller ikkje ein heilskapleg struktur/eit felles system for internkontrollen.

3.4.2 Etikk og varsling

Eit av formåla med kommunelova er å legge til rette for ei tillitsskapande forvaltning som byggjer på ein høg etisk standard. Etikk er ein integrert del av all arbeidslivs praksis. Etikk er dei verdiprioriteringane som ligg til grunn for avgjerd eller handling.

KS og Transparency International Norge (TI) tilrår at kommunane har etiske retningslinjer for tilsette og folkevalte, og at retningslinjene bør vere handsama av kommunestyret. Seljord kommune har etiske retningslinjer for dei tilsette. Retningslinjene er del av dei personalpolitiske retningslinjene. KS og TI tilrår at dei etiske retningslinjene også vert gjort gjeldande for kommunale føretak. Kommunen skal i årsmeldinga gjere greie for tiltak som er sett i gang og tiltak som er planlagde å verte sette i gang for å sikre tryggande kontroll og ein høg etisk standard i verksemda og i kommunale føretak. Seljord kommune har i si årsmelding vist til at dei har etiske retningslinjer.

Arbeidstakar har rett til å varsle om kritikkverdige forhold på arbeidsplassen. Arbeidsgivar har plikt til å sette i verk andre tiltak for å legge til rette for intern

varsling. KS og Arbeidstilsynet tilrår at kommunane utarbeider skriftlege rutinar for dette. Seljord kommune har rutine for varsling, og har etablert ein varslingskanal.

3.4.3 Arkiv og dokumentasjon

Kommunar og offentlege organ har ansvar for å dokumentere sin eigen aktivitet både i eit kortsiktig og eit langsiktig perspektiv. I tillegg spelar arkiva ei rolle for demokratisk aktivitet, forskning og kulturell verksemd. Velfungerande postjournalar og arkivordningar er grunnleggande føresetnader for å sikre dette. Seljord kommune har ikkje arkivplan, men utarbeiding av arkivplan er ein del av handlingsplanen, og administrasjonen har lagt opp til at den skal være ferdig i 2016.

Riksarkivaren går ut frå at kommunereforma vil få store konsekvensar for kommunen sin dokumentasjon, og påpeikar kor viktig det er å vere godt førebudd og tidleg ute med planlegginga. Det vil bli utarbeidd ei rettleiing for korleis kommunen kan førebu seg ved ei eventuell kommunesamanslåing. Rettleiinga skal vere ferdig i mai 2016.

Administrasjonen opplyser at kommunen no har fått rutine for overføring av arkiv frå verksemdar ute til sentral oppbevaring. Kommunen har også fått overført arkiv frå verksemdar ute til sentralt arkiv, mellom anna på skole. Administrasjonen opplyser også at dei har fokus på journalføring, men ser at det være utfordrande å sikre journalføring av mellom anna e-postar som ikkje kjem direkte til postmottak.

Kommunen nyttar ePhorte, som er eit elektronisk sakshandsamings- og arkivsystem. Førebels har ikkje alle verksemdene tatt systemet i bruk. Skole har starta arbeidet med å ta systemet i bruk og det skal være opplæring våren 2016. Deretter skal også barnehagane gjere det. Helse og omsorg nyttar ikkje ePhorte, men leiar opplyser at dei har arkiv i fagsystemet.

Ordførar trakk fram at det å sikre rett mottak av saker/førespurnader og svare på dei, kunne vere eit område ein kunne sjå nærare på.

Arkiv og journalføring er eit område med generell risiko for at kommunen ikkje får ivarett dei krava som er satt. Kommunen er no i gang med å få på plass arkivplan og er i ein prosess med å ta i bruk nytt sakshandsamings- og arkivsystem. Vi foreslår derfor eit prosjekt litt ut i perioden slik at arkivplanen er utarbeida og at fleire har nytta det nye systemet. Det kan vere aktuelt å plukke ut område/einingar som ein undersøker.

3.4.4 Informasjonstryggleik

Informasjonstryggleik gjeld alle tiltak som sikrar konfidensialitet, integritet og tilgang til informasjon og IKT-system, det vil seie alt som gir korrekt informasjon til dei rette menneska til rett tid.

Alle offentlege verksemder er etter § 15 i eforvaltingsforskrifta pålagde å ha internkontroll på informasjonstryggleik.

Personopplysningsloven med føreskrifter stiller krav om tilfredsstillande informasjonstryggleik med omsyn til konfidensialitet, integritet og tilgang ved handsaming av personopplysningar. Det er kravd dokumentert internkontroll. Styringssystemet den enkelte verksemd må etablere for å oppnå tilfredsstillande informasjonstryggleik, må blant anna fastsette overordna mål for tryggleik, akseptabelt risikonivå og fordele ansvar og oppgåver i tryggingsarbeidet. Kommunen skal ha oversikt over alle personopplysningar som vert handsama innanfor dei ulike tenesteområda, vurdere risiko og opprette rutinar og eit aktivt system for handtering av avvik.

Seljord kommune har ein tilsett som er IT-ansvarleg, og kjøper IT-tenester frå AspIT. Det er utarbeida ein overordna plan for IT-tryggleik. IT-tryggleik er eit område med generell risiko der forvaltningsrevisjon er aktuelt. Vi har likevel ikkje vald å prioritere dette i denne planen.

3.4.5 Innkjøp

Offentlig sektor kjøper inn varer og tenester for store beløp årleg. Regelverket om offentlege kjøp skal bidra til at pengane vert utnytta best muleg og at innkjøpa bidreg til eit konkurransedyktig næringsliv.

Seljord kommune er med i innkjøpssamarbeidet Buskerud, Telemark og Vestfold (BTV Innkjøp) og er med på fleire rammeavtalar. Gjennom innkjøpssamarbeidet kan kommunen få betre tilbod og sikre seg betre tilgang på kompetanse på innkjøp. Kommunen bør samstundes være bevisst på kva for strategi kommunen ynskjer skal leggast til grunn for dei innkjøpa kommunen gjer. Dette gjeld også rammeavtalar. Revisjon har avdekkat at kommunen gjer innkjøp utan å ha rammeavtalar eller på anna måte sikra at reglane om offentlege anskaffingar er ivareteke. Kommunen har no starta eit arbeid for å rette opp dette. Seljord kommune har ikkje noko eigen strategi eller reglement for anskaffingar, og har ikkje eigen innkjøpsansvarleg utanom rådmann.

Reglane om offentlege innkjøp har også som føremål å bidra til ei berekraftig utvikling, og skal motverke sosial dumping og korrupsjon. Sosial dumping skjer både ved brot på reglar for helse, miljø og tryggleik og når løn og andre ytingar er uakseptabelt låge, samanlikna med det norske arbeidstakarar normalt tener. I innkjøpssamanheng kan kommunen arbeide mot sosial dumping blant anna ved å stille og følge opp krav om løns- og arbeidsvilkår i kontraktar. Også innan miljø og andre former for sosialt ansvar kan offentlege innkjøparar spele ei viktig rolle gjennom kvalifikasjonskrav og kontraktsklausular ved innkjøp, og oppfølginga av slike krav. For å motverke sosial dumping har Seljord kommune fastsett krav i kontraktar.

Nye og forenkla reglar om offentlege innkjøp er venta å gjelde frå våren 2016. Dei nye reglane vil gi kommunane både auka handlingsrom og nye plikter. Reglane skal mellom anna gi oppdragsgivar incentiv og plikter knytt til miljøomsyn og nedkjemping av barnearbeid og sosial dumping, og betre konkurransevilkåra for små og mellomstore bedrifter. Det vert foreslått at KOFA igjen skal kunne gi gebyr for ulovlege direkteinnkjøp.

Det har ikkje vore forvaltningsrevisjon på dette området tidlegare. Vi ser at det kan være risiko på dette området og vil derfor tilrå ein forvaltningsrevisjon. Det vil være aktuelt å gjennomføre denne mot slutten av perioden både av omsyn til varsla regelendringar og at det bør gå tid sidan kommunen no har starta eit arbeid på området.

3.4.6 Offentleg støtte

Statsstøttereglane i EØS-avtalen påverkar i stor grad rammene for nærings- og sysselsettingspolitikken. EØS-avtalen har eit forbod mot tildeling av offentleg støtte til føretak dersom støtta kan vri eller true med å vri konkurransen og påverke samhandelen innan EØS-området. Kommunen kan tildele støtte innanfor dei rammene og prosedyrekrava som følger av reglane om offentleg støtte.

Ein del kommunar tilbyr sjølv eller gjennom eigarskap, varer og tenester i konkurranseutsette marknader, for eksempel utleige av næringseigedom. Slik aktivitet skal skje utan offentleg støtte. Det betyr at aktiviteten skal vere tydeleg skilt frå anna offentleg verksemd, slik at det ikkje skjer ei ulovleg kryssubsidiering av den konkurranseutsette aktiviteten til kommunen. Risiko for at det vert tildelt ulovleg offentleg støtte kan også hende når kommunen kjøper eller sel eigedom utanom den opne marknaden.

3.5 Tenesteyting og maktutøving – kvalitet, rettstryggleik og produktivitet

Kommunane forvaltar ein stor del av fellesskapet sine midlar. Det meste av disse midla blir brukt til å produsere dei tenestene som innbyggjarane treng. Tenestene skal ha det omfang og den kvalitet som lova krev, og mynde skal forvaltast slik som lovverket føreset.

3.5.1 Oppvekst

Barnehage

Som eigar og maktutøvar har kommunen mange oppgåver på barnehageområdet. Kommunen skal mellom anna sørge for plass til alle barn med rett til barnehageplass, godkjenne barnehagar, yte tilskot til private barnehagar, samordne opptak, drive rettleiing og føre tilsyn. Kommunen sikrar at barn som har rett, får barnehageplass. I budsjett for 2016 er det også lagt opp til at kommunen skal ha opptak gjennom året, slik at også dei som ikkje har rett til barnehageplass fordi dei er fødd for seint på året kan få plass. Det skal fremjast sak politisk dersom det ikkje er ledige plassar.

Tilskotsordningane til private barnehagar er forenkla frå 2015, slik at tilskota skal baserast på kommunen sin rekneskap, og ikkje på budsjettet til kommunen. Det vert arbeid med å endre finansieringsordninga for private barnehagar frå 2016. Dei fleste barna i Seljord kommune går i ein kommunal barnehage, berre rundt 15 prosent går i privat barnehage.

Foreldrebetalinga vert endra i løpet av 2015. Den generelle maksimalprisen aukar, og samtidig vert enkelte moderasjonar innført. Alle familiar med fleire born får søskenmoderasjon. For familiar/hushald med låg inntekt, vert det innført lågare makspris for alle born, og gratis kjernetid for 4- og 5-åringar og for dei med utsett skolestart. Kommunen har opplyst om dei fleste av desse endringane på eigen nettside, men ikkje om den generelle reduksjonen i pris for familiar/hushald med låg inntekt.

Nasjonale styresmakter aukar innsatsen for kompetanseheving i barnehagane. Kompetansehevinga er retta mot alle tilsette og leiarane i barnehagane. Staten bidreg med midlar, samtidig som det vert lagt vekt på det særskilte ansvaret barnehageeigarane har for å heve kvaliteten, oppfylle pedagognorma og auke talet tilsette med aktuell og naudsynt kompetanse. Seljord har betre pedagogdekning enn dei vi samanliknar med.

Skole

Kommunen skal ha eit system som gjer det muleg å vurdere om kommunen oppfyller pliktene etter opplæringslova, jf. § 13-10. Seljord kommune har utarbeida eit system, og deler av systemet blei kontrollert i samband med fylkesmannen sitt tilsyn i 2015 på elevane sitt psykososiale miljø. Kommunen fekk ikkje avvik på internkontrollsystemet, men på arbeidet med å fatte enkeltvedtak på området. Administrasjonen opplyser at dei har jobba aktivt med å sikre at krava knytt til arbeidet med elevane sitt psykososiale miljø er ivareteke.

Kommunen skal sørge for at opplæringa er tilpassa evnene og føresetnadene til den enkelte elev, jf. opplæringslova § 1-3. Dette stiller store krav til planlegging og organisering. Resultata for avgangselevane i grunnskolen i 2015 var betydelig betre enn snittet både i fylket og landet. Tidlegare år har Seljord hatt lågare resultat.

Kvar kommune skal ha ei pedagogisk-psykologisk teneste. Seljord har sikra dette gjennom deltaking i eit interkommunalt selskap, Vest-Telemark PPY IKD. Den pedagogisk-psykologiske tenesta skal hjelpe skolen i arbeidet med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for å legge opplæringa betre til rette for elevar med særlege behov. Elevar som ikkje har eller kan få tilfredsstillande utbytte av den ordinære undervisninga, har rett til spesialundervisning, jf. opplæringslova § 5-1.

Det er store skilnader mellom kommunar og mellom skular på tal elevar med vedtak om spesialundervisning. Tal frå KOSTRA syner at talet på elevar med spesialundervisning i Seljord er redusert og andelen elevar med spesialundervisning er lågare enn dei vi samanliknar med. Seljord kommune deltek i prosjektet «Betre læring for alle» i samarbeid med dei andre Vest-Telemark kommunane. Prosjektet si overordna målsetting er å betre den ordinære undervisninga, slik at talet på elevar som får spesialundervisning blir redusert. Kvar kommune har utarbeidd eigne planar for utviklingsarbeidet med tilhørande mål i samarbeid med prosjektleiar.

Kompetanseheving i barne- og ungdomsskolen eit nasjonalt satsingsområde. Det vert særleg lagt vekt på vidareføring og utviding av tal plassar ved leiarutdanning for rektorar, og vidareføring og auka økonomiske intensiv til å gjennomføre etter- og vidareutdanning for lærarar. Seljord har lærarar som deltek på etterutdanning i mellom anna norsk, engelsk og matematikk. Tal i KOSTRA frå 2014 syner at Seljord kommune har ein lågare del av lærarane med høgare utdanning og pedagogisk utdanning enn dei vi samanliknar med.

Barnevern

Barnevernstenesta er organisert som eit vertskommunesamarbeid for alle kommunane i Vest-Telemark. Hausten 2015 er det gjennomført ein forvaltningsrevisjon av Seljord kommune sitt førebyggjande arbeid retta mot born og unge. Revisjonen omfattar mellom anna samhandling mellom barnevernet og andre verksemdar i kommunen.

3.5.2 Velferd

Sosiale tenester

Kommunen har ansvar for å tilby tenester som skal bidra til sosial tryggleik og betre levekår for økonomisk vanskelegstilte. På landsbasis har utbetalingane til sosialhjelp auka dei siste åra. SSB melder om at det i 2014 var det høgste talet på mottakarar av sosialhjelp på 10 år. I Seljord har talet på mottakarar av sosialhjelp minka, slik at talet no nesten er på nivå med landsgjennomsnittet. Kommunen brukar noko meir på sosiale tenester enn dei vi samanliknar med, men ikkje når vi ser på utbetaling av økonomisk sosialhjelp. Slik sett skal kommunen ha ressursar til å følgje opp mottakarane, slik at dei ikkje blir gåande lenge på sosialhjelp. Tal i KOSTRA viser at unge mottakarar av sosialhjelp i Seljord har stønad lenger i 2014 enn tidlegare år.

Tal frå fylkesmannen viser at det var 4 klagesaker frå Seljord som gjaldt sosiale tenester i perioden 01.01.14 – 01.09.15. I tre av sakene blei kommunens vedtak stadfesta.

Introduksjonsordninga

Introduksjonsprogrammet skal bidra til at deltakarane vert kvalifisert for arbeid eller vidare utdanning. Ordninga vart innført i 2004, og i 2011 kom krav om internkontroll, for å sikre at krava i lova vert følgde. Dette er eit område med fokus på nasjonalt nivå, og regjeringa har føreslått endringar i introduksjonsloven for mellom anna å styrke språkopplæringa, jf. Stortingsproposisjon 130 L (2014–2015). Telemark har generelt hatt mindre gode resultat av introduksjonsprogrammet enn landgjennomsnittet. Både på landsbasis og i Telemark er dessutan resultatane dårlegare enn dei måla som er satt. I Seljord er talet på dei som har avslutta program lågt, slik at resultatane ikkje er offentlege.

Administrasjonen hadde i budsjett for 2016 foreslått å opprette ei deltidsstilling på teknisk for å følgje opp deltakarar i introduksjonsprogrammet i språkpraksis. Kommunen har vedtatt å kjøpe slike tenester frå Seljord Personal AS.

Kommunen har koordinatør med ansvar for å følge opp deltakarane og tilbod om norskopplæring og grunnskoleopplæring ved vaksenopplæringa i kommunen. Kommunen har også praksisplassar.

Introduksjonsordninga er eit område der forvaltningsrevisjon kan være aktuelt, men vi har likevel ikkje prioritert dette i Seljord.

Bustadsosialt arbeid

Fleire kommunar har utfordringar i arbeidet med å sikre varig bustad for vanskelegstilte på bustadmarknaden. Seljord kommune leiger fleire bustader enn dei vi samanliknar med og har samla sett tilgang på fleire bustader. God tilgang på bustad kan være viktig for å sikre vanskelegstilte bustad.

I nasjonal strategi for bustadsosialt arbeid 2014 – 2020 er det fastlagt felles nasjonale mål og prioriterte innsatsområde, og kommunane har ei nøkkelrolle i å realisere måla. Kommunane sin bruk av dei statlege verkemidla er ein viktig del av arbeidet med å sikre varig bustad for vanskelegstilte på bustadmarknaden. Kommunen nyttar startlån i mindre grad enn dei vi samanliknar med, det same gjeld husbankfinansiering av nye bustader. Men bostøtte frå Husbanken blir nytta i større grad i Seljord enn blant dei vi samanliknar med. På grunnlag av tilgangen på bustader og bruk av statlege verkemiddel finn vi ikkje grunn for å prioritere forvaltningsrevisjon på dette området.

3.5.3 Helse og omsorg

Kommunen skal sørge for at personar som oppheld seg i kommunen får tilbod om nødvendige helse- og omsorgstenester. Dette omfattar alle pasient- og brukargrupper, medrekna personar med somatisk eller psykisk sjukdom, skade eller liding, rusmiddelproblem, sosiale problem eller nedsett funksjonsevne. Kommunen har plikt til å planlegge, gjennomføre, evaluere og korrigere verksemda, slik at omfanget og innhaldet av tenestene er i samsvar med krav fastsett i lov eller forskrift.

Samhandlingsreforma

Målet med samhandlingsreforma er å få eit betre og meir heilskapleg helsetilbod. Reforma skal bidra til rett behandling – på rett stad – til rett tid. Ressursar skal i større grad brukast til å bygge opp kommunen sine helse- og omsorgstenester. Pasientane skal få betre koordinerte tenester, og innsatsen for å avgrense og førebygge sjukdom skal aukast.

Kommunane må betale for utskrivingsklare pasientar som dei ikkje kan ta imot. Dette gjelder førebels ikkje pasientar innan psykisk helse og rus. Her blir betalingsordninga innført tidligast i 2017.

Kommunane er pålagde å opprette tilbod for helse- og omsorgstenester til pasientar og brukarar med behov for augneblkkeleg hjelp (ø-hjelpsplassar). Kommunane må ha dette tilbodet på plass innan 2016.⁵ Seljord har etablert ø-hjelpsplass på sjukeheimen og har også ein avtale med Kviteseid om bruk av ø-hjelpsplass. Kommunane kan nytte plassar i begge kommunar.

Folkehelsearbeid

Arbeidet med folkehelse og det å førebyggje sjukdom er sentralt i samhandlingsreforma. Kommunen sitt ansvar for folkehelsearbeid går fram av folkehelselova (2011). Kommunane skal fremme helse og arbeide for å førebyggje sjukdom, skade og sosiale problem. Kommunen skal sette mål og strategiar for folkehelsearbeidet. Utgangspunktet skal vere identifiserte av folkehelseutfordringar i kommunen. Formålet med at kommunen skal setje mål og strategiar er å sikre politisk og tverrsektoriell forankring av folkehelsearbeidet.

Fylkesmannen hadde tilsyn med Seljord kommune sitt arbeid med folkehelse i 2015. Det blei ikkje funne avvik ved dette tilsynet. Fylkesmannen konkluderte med at arbeidet med å sikre oversikt over helsetilstand og påverknadsfaktorar kome godt i gang, men at arbeidet enno er noko usystematisk. Fylkesmannen meinte også at Seljord kommune kunne forbetre styringa (internkontrollen) med oppgåvene etter folkehelselova.

Omsorgstilbod i og utanfor institusjon

Kommunane har ansvar for tenestetilbodet til alle menneske med behov for pleie- og omsorgstenester, utan omsyn til alder eller diagnose. Omfanget av pleie- og omsorgstenestene har auka dei siste åra. Det aukande behovet kjem både av at tenestetilbodet har vorte bygd ut i takt med at det vert stadig fleire eldre, særleg i aldersgruppa over 90 år, og at det har vore ein sterk auke i tal yngre mottakarar (under 67 år). Seljord kommune brukar meir på pleie og omsorgstenester per innbyggjar enn dei vi samanliknar med, men ikkje om vi fordeler utgiftene per innbyggjar 67 år eller eldre. Kommunen gir også tenester til fleire både blant dei under og over 67 år.

⁵ Helse- og omsorgstenestelova § 3-5

Kommunale helse- og omsorgstenester er i hovudsak ulike former for heimetenester, som for eksempel heimesjukepleie og praktisk hjelp, opphald i institusjon, medrekna sjukeheim, og tilbud om avlastingstiltak, støttekontakt og omsorgslønn. Frå 2015 har personar under 67 år med langvarig og stort behov for personleg assistanse rett til å få slike tenester organisert som brukarstyrt personleg assistanse. Denne endringa kan gi auka etterspurnad etter tenesta.

Frå 2020 er det foreslått at kommunen skal ha plikt til å tilby aktivitetar på dagtid for demente. Dette har kommunen tatt omsyn til i økonomiplanen, der det er nedfelt at det skal etablerast eit nytt dagsenter med tilbud til demente.

Seljord kommune har betre dekning på døgnbemanna omsorgsbustader enn dei vi samanliknar med, men kommunen har færre plassar på sjukeheim. Sjukeheimplassar kan være viktig å ha for å kunne ta imot pasientar frå sjukehus, og då særleg korttidsplassar og rehabiliteringsplassar.

Tal i KOSTRA frå 2014 syner at i Seljord kommune har ein lågare del av dei tilsette høgare utdanning (sjukepleiarar) enn i dei kommunane vi samanliknar med. Kommunen har sjølv sett fokus på at dei treng fleire med kompetanse på demens og har som mål å utarbeid ein kompetanseplan i 2016.

Helsestasjon og skolehelseteneste

Kommunen skal tilby helsestasjons- og skolehelseteneste til barn og ungdom 0–20 år. Tilbodet skal fremme psykisk og fysisk helse, gode sosiale og miljømessige forhold, og førebyggje sjukdomar og skader, jf. helsestasjonsforskrifta §§ 1-1 og 2-1.

Seljord har helsestasjon for ungdom som har ope to timar i veka, og kommunen har også god dekning av helsesøster på helsestasjon. Tal frå Ungdata⁶ syner at ungdommar i Seljord nyttar skolehelsetenesta meir enn gjennomsnittet for fylket. I undersøkinga er omfang av risikofaktorar blant ungdomane kartlagt. Undersøkinga viser at det er noko større grad av opphoping av risikofaktorar i Seljord, men også at dei som er mest utsett i større grad nyttar skolehelsetenesta samanlikna med andre kommunar.

⁶ Ungdata er ein spørjeundersøking til elevar på ungdomsskole og vidaregåande skole utarbeidet av Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring, dei regionale kompetansesentera på rusfeltet og KS, som kommunane kan gjennomføre gratis med bistand frå det lokale kompetansesenteret på rusfeltet.

Psykisk helse og rusomsorg

Tal frå folkehelseinstituttet viser at psykiske lidingar er meir utbredt i Telemark enn i landet sett under eitt, men dette er ikkje tilfelle i Seljord. Her er psykiske lidingar mindre utbredt. Kommunen har dessutan betre bemanning av psykiatrisk sjukepleiar/personell med vidareutdanning innan psykisk helse. Kommunane har ei sentral rolle i å identifisere, utgreie, behandle og følgje opp personar med psykiske lidingar. Det at kommunen har personell med spesialisert utdanning kan gjere kommunen betre rusta til å møte dei utfordringane som er på dette feltet. Dette er også eit felt der kommunen må sikre koordinerte tenester og tverrfaglig samarbeid, både internt i kommunen og med spesialisthelsetenesta. Både skolehelsetenesta og PPT kan ha ei viktig rolle i arbeidet med å førebygge sjukdom.

Regjeringa har varsla at den vil innføre eit krav om psykologkompetanse i kommunane frå 2020. Det er foreslått tilskot per psykologårsverk som blir rekruttert frå 2016 og til regelen trer i kraft.

Seljord har i budsjettokumentet påpeikt at kommunen treng auka interkommunalt samarbeid mellom anna når det gjeld psykisk helse og rusomsorg for å kunne gi tilbod om gode tenester. Eit argument for samarbeid innafor rusomsorg er at større miljø reduserer frykt for stigmatisering. Seljord kommune har etablert eit brukarråd innafor psykisk helse og rusomsorg.

Seljord brukar meir på rusomsorg enn snittet for eigen kommune gruppe, men noko mindre enn landsgjennomsnittet. Frå statleg hald er det gitt tydelege føringar for behov for opptrapping av tenestetilbodet og meir heilskaplege og koordinerte tenester. I 2015 er det utarbeida ein ny nasjonal opptrappingsplan på rusfeltet.

3.5.4 Tekniske tenester - sjølvkostområda

Sjølvkost

Vassforsyning, avløp, renovasjon, feiing og byggesaksbehandling vert finansiert gjennom gebyr frå innbyggjarane. Frå 1.1.2015 kom nye retningslinjer for korleis sjølvkost, og dermed også den øvre rama for gebyrinntektene frå innbyggjarane, skal reknast ut.

Seljord kommune tok i 2015 i bruk ein programvare som er utarbeidd for å ivareta kommunen sine sjølvkostberekningar. Eit slikt verktøy kan bidra til å kvalitetssikre berekningane.

Tal rapportert i KOSTRA for 2014 viser at gebyr på vassforsyning i Seljord er lågare enn både snittet i kommunegruppa og landet. Også på avfallstenestene er gebyret lågare, men ikkje når det gjeld septik. Gebyr for avløp er på nivå med eigen kommunegruppe, mens gebyr for feietenester og tilsyn er på rundt det doble av snittet i eigen kommunegruppe og landet.

Avfallsforskrifta er endra frå 01.01.15 og har som formål å hindre ulovleg kryssubsidiering mellom kommunen si lovpålagde handtering av hushaldsavfall og avfallstenester som kommunen sel i marknaden. Forskrifta set krav til at kommunen skal ha separat rekneskap for lovpålagt handtering av hushaldsavfall. Renovest IKS står for renovasjonsordninga i Seljord kommune.

Vest-Telemark brannvesen IKS har ansvar for feietenestene og det brannførebyggande arbeidet i kommunane i Vest-Telemark. Det kan vere aktuelt med forvaltningsrevisjon av desse tenestene. Ein forvaltningsrevisjon av sølvkost på tenester som blir utført av selskap, må gjerast som selskapskontroll.

Plan- og byggesakshandsaming

Plan- og bygningslova (pbl.) pålegg kommunane å ha planar for bruk og vern av tilnærma alle kommunale areal og ressursar. Vidare skal kommunane fatte vedtak om nesten all byggeaktivitet innanfor kommunegrensene, sjølv om det er gjennomført forenklingar i byggesakshandsaminga som gjeld frå 1. juli 2015. Sett frå innbyggerane sin ståstad er dette ei inngripande lov. Det er derfor viktig at innbyggerane har tillit til at kommunen handhevar lova på ein føreseieleg, lik og effektiv måte. Seljord kommune skal rullere kommuneplanens arealdel og samfunnsdel i 2016.

Administrasjonen opplyser at dei gir mykje dispensasjonar. Kommuneplanens arealdel og samfunnsdel blei sist vedteke i 2006. Eit føremålsteneleg og oppdatert planverk bidreg til å sikre effektivitet og likebehandling. Dersom planverket ikkje er oppdatert, kan det medføre auka bruk av dispensasjonar. Det gir ei lite effektiv sakshandsaming.

Seljord har hatt få klagesaker hos fylkesmannen. Det var to saker i 2014 der eit vedtak kommunen fatta blei stadfesta og eit omgjort. I perioden 01.01.14 – 01.09.15 var det ein sak der kommunens vedtak blei stadfesta.

3.6 Berekraftig utvikling

3.6.1 Planlegging i kommunen

Plan- og bygningslova skal fremme berekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar. Planlegging og vedtak skal sikre openheit, føreseielegheit og medverknad for alle interesser og styresmakter. I planlegginga skal det leggst vekt på langsiktige løysingar, og konsekvensar for miljø og samfunn skal skildrast. Som nemnt skal kommunen rullere kommuneplanen i 2016.

3.6.2 Næringsutvikling

Ei av oppgåvene til kommunen som planstyresmakt er å vurdere og ta omsyn til næringsutvikling og næringsutbygging i kommunen. I møte med administrasjonen blei næringsarbeid nemnt som eit område der det kunne vore aktuelt med forvaltningsrevisjon. Både for å få undersøkt nærmare korleis arbeidet blir følgt opp og kva for resultat ein ser av arbeidet.

Kommunen hadde tidlegare ein strategisk næringsplan. Administrasjonen opplyser at kommunen ikkje har hatt ein slik plan fordi kommuneplanens handlingsdel med handlingsprogram blei vurdert som tilstrekkeleg av kommunestyret. Kommunen har mål for næringsarbeidet i kommuneplanenens samfunnsdel med tilhørande handlingsprogram. Kommunen skal no utarbeide nytt planprogram. Trongen for ein næringsplan kan då bli vurdert på ein anna måte.

I samfunnsdelen til kommuneplanen har kommunen som mål å vere eit regionalt nærings- og servicesenter. I arbeidsprogrammet for 2015 er det vist til at kommunen jobbar med prosjektet Nye Seljord næringshage, og at prosjektet tek lengre tid enn venta. Prosjektet *Tilretteleggje for oppstart av teknologipark* er utsett.

Tall i KOSTRA viser at i 2014 brukte kommunen mindre på tilrettelegging for næringsliv per innbyggjar enn snittet for eigen kommunegruppe, men meir enn landsgjennomsnittet. Kommunen brukar meir på landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutvikling enn dei vi samanliknar med.

Det er mange utfordringar med å undersøke om kommunen sitt næringsarbeid har gitt resultat for næringslivet i kommunen. Ei slik undersøking kan lett falle utanfor rammene av ein vanleg forvaltningsrevisjon. Ved at kommunen sjølv rapporterer på gjennomføring av tiltak, kan rapporteringa gi informasjon om korleis arbeidet blir følgt opp.

3.6.3 Egedomsforvaltning og vern av verdier

Egedomsforvaltninga

Førande tilrådingar for god egedomsforvaltning tilseier at kommunen bør ha oversikt over status for kommunale bygg og bustader med tanke på å ivareta gjeldande krav til teknisk og funksjonell tilstand på egedomane. Kommunen bør vidare ha overordna politisk forankra mål for bustad- og egedomsforvaltninga, eit rasjonelt system for planlegging og styring, og til slutt rapportering som gir god kommunikasjon mellom bustad- og egedomsforvaltninga og politikarane, og som kan tene som grunnlag for avgjerder. Ein forvaltningsrevisjon på området i 2013 synte at Seljord kommune ikkje fekk følgd opp alle desse tilrådingane. Kommunen sikrar no at politikarane får betre informasjon i tråd med dei tilrådingar som er gitt.

3.6.4 Samfunnstryggleik og beredskap

Plan- og bygningslova set krav til samfunnstryggleik i planlegginga i kommunar og fylke. Sivilbeskyttelseslova pålegg kommunane å planlegge beredskapen basert på ein heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse.

I 2014 hadde fylkesmannen hadde tilsyn med at Seljord kommune oppfyller krava som er sett til kommunal beredskapsplikt. I rapporten er det vist til at kommunen har hatt eit omfattande arbeid med utarbeiding av overordna ROS-analyse. Fylkesmannen konkluderte med at kommunen hadde eit godt grunnlag for det vidare arbeidet med beredskap. Kommunen fekk avvik på ROS-analysen som hadde nokre manglar, samt at kommunen mangla overordna beredskapsplan og langsiktige mål, strategiar og plan for oppfølging av beredskapsarbeidet. Kommunen arbeider med å få lukka avvika. Ny ROS-analyse skal være ferdig i 2016. Ordfører trakk også fram at kommunen må bli betre på beredskap og kriseleing.

3.6.5 Miljøforvaltning

Kommunane spelar ei nøkkelrolle i arbeidet med å nå dei nasjonale miljømåla. Miljødirektoratet si kommuneundersøking 2008-2010 viste at mange kommunar slit med å innfri pliktene sine på miljøområdet.

Kommunen si mynde og samfunnsoppgåver på dette feltet spenner frå nedgravne oljetankar i bustadfelt via friluftsliv/fri ferdsel, viltforvaltning og motorferdsel i utmark til lokal luftkvalitet og klimaomsyn i lokal planlegging. Kommunen har ein natur og miljørådgivar, men har også ein sakshandsamar på området motorferdsel i utmark. Oppgåver knytt til forureina grunn og nedgravne oljetankar er lagt til teknisk avdeling.